

Tilskot til etablering og utvikling av kommunale frisklivs-, lærings- og meistringstilbod 2017

Søknad om tilskot til etablering og utvikling av kommunale frisklivs-, lærings- og meistringstiltak (maksimum fire sider)

Prosjektnamn: **Interkommunalt samarbeid om kompetansebygging, læring- og meistringstenester i Region Nordhordland.**

Kommunenamn og kommunenummer: Radøy1260

Kontaktpersonar: Bente Karin Bø Taule

Kommunalsjef Mette Fauskanger i Radøy kommune

Rådmann Jarle Landås i Radøy kommune

Prosjektleder: Bente Karin Bø Taule

Postadresse: Helsehuset, Radøyvegen 1621b, 5936 Manger

E-post: bente.bo.taule@radoy.kommune.no

post.lms@sing.no

Telefon: 47459725 /56349090

Dykka referanse: 2017/171

Kontonummer for innbetaling av tilskot: Radøy kommune

Organisasjonsnummer: 954748634 RADØY KOMMUNE

Vidareføring:

Sjå referanse:2016/2562 732.0 Prosjektet *Interkommunalt samarbeid om kompetansebygging, læring- og meistringstenester i Region Nordhordland* fekk i 2016 kr 100 000 frå **Tilskot til etablering og utvikling av kommunale frisklivs-, lærings- og meistringstilbod** .

Vi har brukt tilskotet til oppbygging og utvikling av eit interkommunalt kurstilbod for dei 9 kommunane i Nordhordland, og vi arrangerte 2 kurs i 2016.

For å vidareføre og vidareutvikle prosjektet for eit framtidig frisklivs-, lærings- og meistringstilbod i kommunane i Nordhordland vert det søkt om midlar for 2017.

Nettverk for LM tenester har utarbeidd ein særavtale, knytt til tenesteavtalane mellom helseføretaket og kommunane, som skal til handsaming i Samarbeidsutvala i slutten av februar 2017.

1. Innleiing

Dei 9 kommunane i Region Nordhordland har formalisert eit samarbeid for å følgja opp politisk vedtak om å utreie kva behov for framtidige helse- og omsorgstenester innbyggjarar i den enkelte kommune og i regionen har, og kva tenester det er tenleg at kommunane samarbeider om, for å følgja opp føringar i samhandlingsreforma. Det er utarbeidd ein handlingsplan.

Ein gjorde vedtak i kommunalsjefsgruppa i Nordhordland i desember 2017, om å halde fram dette kurstilbodet.

2. Bakgrunn

Kommunalsjefsgruppa i Nordhordland har i handlingsplan for 2017 vedteke at ein skal samarbeide om ressurs og kompetansekreivjande oppgåver, der kurstilbod for endring av levevaner er eit tiltak. Vi ønskjer at innbyggjarane får eit heilskapleg opplæringstilbod som gjev gjensidig ressursutnytting og god kompetanseutveksling mellom kommunar og helseforetak, og sette i gang eit kurstilbod for livsstilsendring og meistring av eiga helse hausten 2015. Vi har gjennom nettverk erfaringsutveksling med kurshaldarar i liknande tilbod mellom anna i Fjell og Os. Kommunane har ikkje eigne frisklivssentraler, og ønskjer derfor eit samarbeid om desse tenestene.

3. Mål og målgruppe

Kurset tek sikte på å legge til rette for eit interkommunalt tenestetilbod for pasientar med, eller som står i fare for å utvikle ulike livsstilssjukdomar. Målet er å gje auka kunnskap, motivasjon og erfaringar som fører til gode levevanar, betre helse og auka livskvalitet for kursdeltakarane.

Vi legg vekt på både endring og meistring. Vi har god erfaring med at kommunepsykolog deltek som kursleiar. Vi ser at mange i denne gruppa treng hjelp og støtte til å gjennomføre mål for endring av kostvaner og fysisk aktivitet, og at friskliv og meistring heng saman. Vi legg opp til fysisk aktivitet og trening ute, og praktiske oppgåver, læring i grupper. Vi ønskjer at deltakarane skal bli trygg på kvarandre og lære og dele erfaringar, og knytte nettverk, for å få best mogleg nytte av kurset som går over 3 månader. Brukarmedverknad er viktig, derfor er brukarrepresentanten til stades dei fleste kursdagane, og har også eit eige innlegg på ein kursdag, med rom som erfaringsutveksling og grupperarbeid om temaet.

4. Prosjektorganisering og forankring

Vi har sett ned ei arbeidsgruppe i region Nordhordland, med representantar frå Radøy, Lindås, Måsfjorden og Austrheim, som rapporterer til kommunalsjefgruppa innan helse. Vi har også med brukarrepresentant oppnemnd frå brukarutvalet i helse Bergen. Brukarrepresentanten deltek i planlegging og gjennomføring av kurset. I 2016 fekk vi med kontaktpersonar frå Gulen, Fedje og Modalen, og vi arbeider med å få kontaktperson i Osterøy og Meland.

Interkommunalt samarbeid er formalisert og forankra i Regionrådet i Nordhordland og i den enkelte kommune. Konkretisering av innsatsområder og tiltak er presentert i Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland, 2014-2017. Det er utarbeidd handlingsplan som konkretiserer oppfølging av tiltak som er initiert i planen.

Prosjektleiar Bente Karin Bø Taule.

5. Tiltak, gjennomføring og framtidsplan

Sjå vedlagte handlingsplan.

Prosjektmedarbeidarane deltek som kursleiarar, samstundes som vi vidareutviklar og reviderer kurstilbodet. Vi har samarbeidd med og fått erfaringar frå Frisklivi- og meistringssenteret på Straume, som har drive eit tilsvarande tilbod i fleire år. Det vil vera trong for fleire kurshaldarar og brukarrepresentantar til kursa, og har fått oppretta kontakt med klinisk ernæringsfysiolog og kommunepsykolog frå kommunane.

Vi ønskjer at kurstilbodet kan bli eit varig kurstilbod som kan gå kontinuerleg både vår og haust.

Vi har brukt evalueringsskjema frå kvart kurs aktivt for å forbetre tilbodet. Vi vil vurdere om vi kan utvide tilbodet også til kveldstid frå hausten 2017, for kanskje å nå fleire. Vi treng å bli trygg og samle erfaring som kursleiararar for gruppetilbod. Nye tilbod tek tid å byggje opp, vi ser at det er aukande interesse i 2017.

6. Økonomi og budsjett

Vi søker om tilskot kr. 150 000,-

Søknad om tilskot:	
Prosjektleiing	130 000
Kommunale Kursleiarar/prosjektmedarbeidarar	130 000
Driftskostnader	10 000
Lokale	8000

Adm kostnader og evaluering	10 000
Brukarrepresentant honorar	12 000
Totalt	300 000

Dei 9 kommunane i Nordhordland bidreg med eigeninnsats for resterande beløp, og ein har vedteke at tilbodet skal halde fram med finansiering etter fastlagte nøkkeltal frå kvar kommune.

7. Risikofaktorar og kontrolltiltak

Prosjektet skal følgje fastlagte prinsipp for interkommunalt samarbeid i Nordhordland.

Vi rapporterer til kommunalsjefsgruppa i Nordhordland.

8. Overføringsverdi

I Nordhordland er det ikkje egne frisklivssentralar, men kommunane satsar på frisklivstenester og deltek interkommunalt kurstilbod.

Vi har avtale om samarbeid med frisklivs- og meistringssenteret i Fjell, Sund, Askøy og Øygarden både når det gjeld hospitering og utveksling av erfaring og kursopplegg, i tillegg til at prosjektleiar deltek i Nettverk for Læring og meistring mellom helseføretaket og kommunane rundt. Vi deltek på fagdagar og informerer i egne kommunar.

9. Vidareføring og informasjonsspreiing

1. Kvar kommune har gjort vedtak på kommunalsjefsnivå om at dei skal delta i dette arbeidet. Den einskilde kommune har ikkje nok ressursar til å gjennomføre kurs åleine, derfor satsar vi på å gjere det interkommunalt. Det er små forhold, og pasientane kan ha nytte av å delta i gruppebasert kurs i eit større miljø. Vi oppfordrar kursdeltakarane om å gå saman i eigen kommune, og nytte seg av eksisterande tilbod i lag og organisasjonar.

2. Vi nytter kommunane sine nettsider og facebooksider, i tillegg til eiga facebookside. Vi annonserer i lokalpressa, sender brosjyrer til alle kontaktpersonar, fysioterapipraksisar og legesenter. Vi arbeider med å nå kontaktpersonar i lag og organisasjonar. Vi har informert i interkommunale råd som kommunalsjefsgruppa, samarbeidsutvalet, helseutvalet og rådmannsutvalet. Vi deltek i ulike nettverk.

Prosjektet har egne telefonnummer og e-postadresse.

Referansar og vedlegg

Vedlagt Brosjyre 2017

Handlingsplan for LM gruppa Nordhordland.

